



Saksmappe: 2018/88

Sakshandsamar: JSS

Dato: 07.12.2023

SAKSFRAMLEGG

Utv.saksnr	Utvalg	Møtedato
	Kommunestyret	14.01

Tilsvar på høring - NOU 2023:24 "Med barnet hele vegen - barnevernsinstitusjoner som har barnas tillit"

Kommunedirektøren si innstilling:

Kommunestyret godkjenner vedlagde svar på høring av NOU 2023:24 «Med barnet hele vegen – barnevernsinstitusjoner som har barnas tillit».

Saksvedlegg

1 Vedlegg

Saksvedlegg som ligg på heimesida

Store saksvedlegg blir lagt under «Politikk» og «Dokument og linkar til politisk arbeid» på kommunen si nettside www.bygland.kommune.no

Til denne saka er det følgjande slike vedlegg: Ingen

SAKSUTGREIING

Samandrag og konklusjon

Bygland kommune er i hovudtrekk positive til forslaga for betre tilbod til barn som oppheld seg på institusjon. Bygland kommune har likevel nokre kommentarar kva gjeld finansieringa av tiltaka og kommunens moglegheiter kva gjeld tiltak til barn og ungdom. Sjå vedlegg til saka.

Fullstendig utgreiing frå institusjonsutvalet, sjå:

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2023-24/id3005411/>

Bakgrunn for saka

NOU 2024:24 blei lagt ut på høyring i brev av 30.10.23. Det står i brev frå barne- og familiedepartementet:

«Utvalget ble oppnevnt av Regjeringen 22. juni 2022. Utvalget har samarbeidet med et eget ungdomsutvalg, med ungdommer med egen erfaring fra barnevernet.

Ungdomsutvalgets vurderinger fremgår av rapporten.

Utvalget har vurdert institusjonsbarnevernets oppgaver, rammer, omfang og organisering, samt samhandlingen med andre sektorer som har ansvar for barn og unge med store og sammensatte behov. Utvalgets anbefalinger berører både barnevernet, helsesektoren og justissektoren. Vi ber høringsinstansene ta stilling til hele NOUen (...)»

Høyringsfristen blei satt til 22.01.23.

Formelt grunnlag

Med ei høyring vil statlege myndigheiter sikre at dei har eit best mogleg grunnlag før dei tek beslutningar. I utredningsintruksen er grunngevinga for høyringar beskreve slik:

«(...) Instruksen har bestemmelser om at man skal involvere dem som forventes å bli berørt av tiltaket. Å innhente synspunkter fra enkeltpersoner, privat og offentlig næringsvirksomhet, offentlige myndigheter, organisasjoner og andre berørte grupper skal bidra til å øke kvaliteten på beslutningsgrunnlaget. For å sørge for at relevante innspill får reell betydning for innholdet i utredningen, bør berørte parter involveres tidlig i utredningsprosessen (...)».

Vurderingar og konsekvensar

Det er eit samla utval som presenterer eit heilskapleg forslag til framtidens institusjonsbarnevern. Utvalet har særleg lagt vekt på at borna skal få vere i ro, oppleve normalitet og få tilgang til naudsynt helsehjelp. Utredninga inneheld totalt 50 forslag. Dette omfattar blant anna:

- Tverrfagleg kartlegging av behov og ressursar for alle born som skal flytte til institusjon.
- Helseteam tilknytt alle barnevernsinstitusjonar som skal fylgje opp bornas helsebehov og rettleie dei tilsette.
- Ny og meir fleksibel innretning av institusjonsbarnevernet som reduserer flytting og gir borna eit tilbod i eigen region.
- Tiltak som gjer helsetenestene og kriminalomsorga betre i stand til å ta sin del av ansvaret for barn med store og samansette behov.
- Ei styrking av kommunale bu-tiltak og nytt kommunalt omsorgstiltak for barn som barnevernet har overtatt omsorga for.

Bygland kommune er samla sett positiv til forslaga for å styrkje omsorga for dei borna som oppheld seg på institusjon.

Ein har likevel behov for at departementet fastsetje nye og rimelegare økonomiske eigenandelar for kommunane, især der kommunane sjølv klarar å busette borna i eigen kommune slik at dei kan fortsetje å bu i sitt lokalmiljø nære slekt- og nettverk. Ei styrking av helsetenesta sitt ansvar (især andrelinjetenesta) samt ei styrking av justissektorens sitt ansvar er positivt. Det er i tillegg positivt at utvalet foreslår å gje kommunane større fridom til å utvikle gode bu-tiltak som er til det enkelte borns beste. Sjå vedlegg for utfyllande vurderingar kring det enkelte forslag.

Bygland, **28.11.2023**

Kommunedirektør

Høyringsvar – NOU

Valle kommune vil først påpeike at kommunen er svært positive til dei fleste forslaga i NOU og meiner forslaga samla sett vil gje dei sårbare barna eit betre fagleg tilbod, samt at det vil gi betre og tydelegare ansvarsfordeling mellom dei ulike etatane. Enkelte av forslaga vil også kunne gi kommunane auka moglegheiter til å jobbe førebyggjande i dei mest kompliserte sakene.

Det blir særleg vurdert som positivt at helsetenesta, og då særleg spesialhelsetenesta, sitt ansvar blir forsterka når det gjeld ungdom med utfordringar knytt til rus og/eller psykisk helse. Valle kommune meiner også at tanken om å lage institusjonstypar i staden for målgrupper kan bidra til kontinuitet i omsorgen for dei barna det gjeld og hindre utilsikta flyttingar. Valle kommune ser det også som særleg positivt at det har vore eit eige ungdomsutval som har kunna medverke og gje innspel i prosessen.

Det er likevel nokre forslag vi vil kommentere ytterlegare:

Forslag 5, 6 og 7: Ansvar og tiltak for ungdom som begår kriminalitet

Vi vurderer det som gode forslag for å få fleire tiltak å spele på når det gjeld straffegjennomføring for ungdom, slik at ikkje barneverntenesta går ut over sitt mandat som er å sikre hjelp som er til det einkilde barns beste. Barneverntenesta har ikkje mandat til å ta omsyn til samfunnstryggleiksforhold, eller god nok helsefagleg kompetanse til å behandle dei barna som har dei største utfordringane, slik at ei tydeleggjering av helse- og justissektoren sitt ansvar i desse kompliserte sakene er viktig. Det er også positivt at utgreiinga føreslår fleire tiltak som ligg mellom høgsikringssoning og barnevernsinstitusjon, slik at ein har fleire moglegheiter å spele på når det gjeld hjelp og sanksjonering til dei barna som begår kriminalitet.

Forslag 16, 17, 18 og 19: Moglegheit for bruk av kommunale botiltak som omsorgstiltak.

Valle kommune meiner dette forslaget er viktig og kan sikre at barna med høg atferd som er særskilt sårbare for negative endringar i omsorgsbetingelsane kan bli verande i sitt lokalmiljø, nære familie og det tilbodet dei allereie har frå kommunen. Valle kommune meiner likevel at aldersbestemmelsen på 15 år bør senkast til 13 år, då dette kan sikre at barn som vil ha vanskar med å tilpasse seg livet i eit fosterheim kan plasserast i kommunale botiltak med ein gong for å sikre god kontinuitet i omsorgen gjennom tenåra. Dette meiner vi vil gi barnet betre utviklingsmoglegheiter enn å vente til barnet eventuelt må flytte inn på kommunal institusjon når dei er 15. Å senke aldersgrensa vil gi kommunane betre handlingsrom for barna på eit tidlegare stadium. Valle kommune meiner dette forslaget også bør utvidast til å gjelde barn med akuttvedtak. Altså at kommunen kan bygge opp eit kommunalt

institusjonstilbod på kort varsel for å sikre at barn som normalt ville blitt plassert i beredskapsheim langt frå sitt vanlege omsorgsmiljø får bli i sitt lokalmiljø. Dette kan sikre kontinuitet i omsorgen for barn i ei særleg sårbar fase. Valle kommune har opplevd at søsken som er avhengig av kvarandre blir plassert i ulike beredskapsheim og langt frå skule og venner. At kommunen i større grad har anledning til å plassere barna lokalt, sjølv om det ikkje er beredskapsheim tilgjengeleg, kan sikre at søsken kan bu saman og halde fram på same skule, og forhindre unødvendige flyttingar mellom beredskapsheim og fosterheim.

Å utvide moglegheita for kommunale botiltak i barnas nærmiljø må sjølvstøtt ikkje føretrekkjast framfor å plassere barna hos slekt og nettverk i ei akuttsak, eller å plassere ungdom i spesialiserte fosterheim. Men det vil gi kommunane større handlingsrom for å finne gode løysingar som er til det beste for barna når saka er akutt eller når barnas prognosar for å klare flytting i fosterheim er dårlege. Ettersom kommunale botiltak kan vere det beste for barna for å sikre at dei kan bli buande i kjende og trygge omgjevnader, meiner Valle kommune at finansieringsordninga for dette tiltaket bør vurderast nøye, og at kommunane bør få ein lågare eigenandel enn det som er for dagens institusjonsordning. Dette meiner vi på bakgrunn av at forslaget gir kommunane auka moglegheiter til å finne gode løysingar og førebygge at barna får ytterlegare belastningar og førebygge utilsikta flyttingar. Prinsipielt bør auka bruk av førebyggjande tiltak gi kommunane gunstige økonomiske vilkår.

Forslag 33 (og 37): Kommunalt ansvar for grunnskuleopplæring for barn på institusjon

I utgangspunktet er kommunen positive til at ansvaret for grunnskuleopplæringa blir flytta frå fylkeskommunen til kommunen så lenge dei andre forslaga samla sett inneber at barn som flyttar til institusjonar kan bli i kommunen (forslag 16-19). Kommunen meiner imidlertid at det bør vere høve for kommunen å søke refusjon for særleg dyre tiltak for dei sårbare barna som skal inkluderas i den vanlege skulen, slik det blir føreslått i forslag 37. Individuelle tiltak i skulen er ofte svært dyre tiltak for kommunen og gir ikkje grunnlag for refusjon slik det er i dag. Dette kan medføre at kommunen må balansere mellom omsynet til det einskilde sårbare barnet og ressursane som skal gå til alle barna og skuleverket generelt. Valle kommune meiner altså at forslag 33 ikkje er berekraftig med mindre forslag 37 også blir vedteke.

Forslag 41: Støtteheim for barn på institusjon

Valle kommune er positive til dette tiltaket og nyttar dette tiltaket ein del for barn i frivillige hjelpetiltak som ein måte å utvide barnet (og heile familien til barnet) sitt nettverk. Valle kommune meiner imidlertid at å signalisere at dette vert rekna som gratisarbeid og tufta på frivilligheit ikkje er realistisk. At støttefamilie som tiltak ikkje skal reknast som betalt arbeid, vil kunne setje barnevernet i klemma i høve til dei støtteheima barnevernet allereie har som oppdragstakarar; Det vil bli meir attraktivt å bli støtteheima for barn i hjelpetiltak enn for barn som oppheld seg på institusjon. Samstundes vil det bli svært vanskeleg å rekruttere støtteheimar slik vi ser det.

Forslag 44: Barn skal ha rett til institusjonsopphald i eiga region

Dette er eit særst viktig forslag og kan hindre opphopingar av institusjonar i ei region eller i eit lokalområde. For mange institusjonar på eitt sted er ugunstig for barna som oppheld seg på institusjon og for kommunane som skal forsøke å gi barna det beste faglege tilbodet ut frå dei midlane kommunen til ei kvar tid disponerer.

Forslag 45: Fastsetjing av kommunenes eigenandel på institusjonstiltak

Valle kommune er einige i at den kommunale eigenandelen for institusjonstiltak er for høg. For høg eigenandel kan hindre at barna får dei tiltaka dei treng. Samstundes ønskjer Valle kommune å presisere at det vil vere føremålstenleg med gode refusjonsordningar for kommunar som klarer å opparbeide eit godt kommunalt botiltak for det einskilde barnet framfor å bruke Bufetats institusjonar. Dette fordi det bør vektast høgt at barnet kan bli verande nær si eiga familie og halde fram på same skulen så lenge dette er fagleg forsvarleg og barnet ikkje treng spesialisert behandling i andrelinjetenesta.

Utover desse forslaga har ikkje Valle kommune ytterlegare kommentarar. Vi meiner likevel at det er svært viktig at departementet ser forslaga i samanheng, slik at ein får eit godt system, klar ansvarsfordeling og derav gode omsorgsbetingelsar for barna som oppheld seg på institusjon. Slik ordningane er i dag, påfører det kommunane store økonomiske konsekvensar samstundes som kommunane ikkje har moglegheitsrom for å sikre det einskilde barnet best mogleg individuell og tilpassa hjelp.